

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021

**Noralv Distad (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han sitt som styremedlem i stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark.

**Natalia Golis (MDG)** og **Knut Inge Andersen (FNB)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei sitt som medlem og varamedlem i verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap.

Distad, Golis og Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Distad var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Fylkesutvalet vedtok så samrøystes at Golis og Andersen ikkje var inhabil.

Distad gjekk frå under behandlinga av saka medan Golis og Andersen tiltrådte.

Det var 16 representantar til stades.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.
4. Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringskostnader for å få realisert sentra